

Møteinnkalling

Utvalg:	Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre
Møtested:	E-postmøte
Dato:	15.04.2020
Tidspunkt:	Svar på e-post innan 17.04.20

Eventuelt forfall må meldast snarast til undertteikna, e-post eller mobil 948 80 564.
Vararepresentantar deltek berre etter nærare beskjed.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar



**Jotunheimen
nasjonalpark**

Telefon: 61 26 62 03
Mobil: 948 80 564
E-post: FMOPKSV@fylkesmannen.no
Web: www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen/

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 4/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til forslag om endring av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel		2019/16144

Arkivsaksnummer:	2019/16144-6	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	06.04.2020
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	4/2020	15.04.2020

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til forslag om endring av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel

Innstilling frå forvaltar

Innspel til revidert tilråding frå Fylkesmannen i Innlandet til Miljødirektoratet når det gjeld forskriftsendring for bruk av el-sykkel på Glitterheimvegen i Jotunheimen nasjonalpark og Koldedalsvegen i Utladalen landskapsvernområde:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ser ikkje behov for tidsavgrensa periodar for når el-sykkel kan nyttast på desse to definerte vegstrekningane, ut over at bruken skal vera naturleg avgrensa til bermarkssesongen når vegane er farbare med vanleg tråsykkel. Bruk av el-sykkel på desse vegane vil ikkje skilje seg frå bruk av ordinær sykkel, og ein ser ikkje behov for å regulere ferdselen så lenge den skjer på opparbeidd veg/anleggsveg på bermark. Det bør ikkje opnast for å nytte el-sykkel eller liknande farkostar som kan køyrast på snø, heller ikkje om det følgjer vegtraseen. Dette kan opne for uønskt trafikk inn i urørte område på ei tid av året da dyre- og fuglelivet er sårbare overfor forstyrringar.

Det vil uansett vera nyttig/nødvendig med skilting, som forklarar at ferdsel med el-sykkel inn i verneområda skjer på eige ansvar, og at det ikkje er lademoglegheiter i enden av vegen.

Dersom erfaringane etter to år er gode, bør det kunne vurderast el-sykkel på andre vegar innan verneområda på eit seinare tidspunkt.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, sist revidert 14.11.14
- Verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde, sist revidert 14.11.14
- Brev av 14.05.2019 – frå Miljødirektoratet – Bruk av el-sykkel i verneområde
- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – sak 37/2019 og brev av 11.10.2019 til Miljødirektoratet – *Innspel til revisjon av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel m.m.*
- Brev av 15.11.2019 – frå Miljødirektoratet – *Oppdrag om å vurdere forskriftsendring vedr. bruk av elsykkel på vei i enkelte verneområder*
- Tilråding av 12.12.2019 – frå Fylkesmannen i Innlandet – *Oppdrag om å vurdere forskriftsendring - bruk av el-sykkel på vei i enkelte verneområder*
- Brev av 23.03.2020 – frå Miljødirektoratet – *Oppdrag om å vurdere forskriftsendring - bruk av el-sykkel på vei i enkelte verneområder*

Saksopplysningar

Bakgrunn

Fylkesmannen i Innlandet har fått i oppdrag å koma med ei oppdatert tilråding for forskriftsendring om bruk av el-sykkel på Glitterheimvegen i Jotunheimen nasjonalpark og Koldedalsvegen i Utladalen landskapsvernområde, etter at direktoratet har gjort ei juridisk fagleg vurdering av korleis forskriftsendringane kan utformast.

Når det gjeld sjølve innhaldet er det bedt om ei rask tilbakemelding frå nasjonalparkstyret om eventuelt behov for regulering av tidsrom for bruk av el-sykkel.

Sidan fleire av styremedlemmene er nye sidan sist spørsmålet var oppe i nasjonalparkstyret, kjem her ei utfyllande oppsummering av vurdering om endra regelverk for bruk av el-sykkel:

El-sykkel: Det vart ved endring i nasjonal forskrift til motorferdsellova i 2017 gjeve eit generelt unntak frå motorferdselselforbodet for bruk av el-sykkel *utanfor* verneområde. Forskrifta har etter justering i 2019 slik ordlyd om el-sykkel:

§ 2a. Elektriske sykler kan brukes i utmark. Med elektriske sykler menes sykler som er utstyrt med elektrisk hjelpemotor med maksimal nominell effekt på høyst 0,25 kW som reduseres gradvis ved økende hastighet og opphører ved 25 km/t eller tidligere hvis syklisten slutter å trå. Sykkelen kan ved motorkraft alene nå en maksimal hastighet på 6 km/t.

Kommunen kan i forskrift bestemme at bruk av elektriske sykler som nevnt i første ledd likevel ikke er tillatt i bestemte områder eller på nærmere angitte strekninger eller traséer.

Opphevinga omfattar ikkje areal innan verneområda, da el-sykkel formelt sett er rekna som motorferdsel. Dette skaper i enkelte område frustrasjon blant brukarane, og informasjonen om skilnadene er vanskelege å formidle på ein god måte. Ut ifrå ei vurdering av strekningar eigna for ei opning for bruk av el-sykkel, gjorde nasjonalparkstyret i sak 37/2019 slik vedtak:

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ber sekretariatet om gå gjennom verneforskriftene og formulere forslag til endringar når det gjeld følgjande spørsmål:

A) Nasjonalparkstyret bør få fullmakt til å opne for bruk av el-sykkel på nærare gjevne strekningar der forholda ligg til rette for det. Styret ser særleg behov for å sjå på moglegheita for bruk av el-sykkel på vegen inn til Glitterheim.»

- - -

B) (om reglane knytt til vassdragsanlegga i Jotunheimen NP og Utladalen LVO)

- - -

C) «Forskriftene bør også korrigerst språkleg, slik at heile forskriftene kjem i same målform. Etter siste revisjon i 2014 vart enkelte paragrafar utforma på bokmål, medan hovuddelen av forskriftene er på nynorsk.»

I Miljødirektoratet sitt oppdragsbrev av 15.11.2019 vart Fylkesmannen i Innlandet beden om å foreslå konkrete forskriftsendringar i aktuelle verneområde; m.a. Jotunheimen / Utladalen. Forslag vart sendt frå FM-Innlandet til Miljødirektoratet ved brev av 12.12.19. I forslaget er det vist til innspelet frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – jf. sak 37/2019.

Fylkesmannens tilråding:

1.Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark

Nytt tillegg, §6.2.m): Bruk av elektriske sykklar på Glitterheimsvegen.

Med elektriske sykklar forstås sykklar som er utstyrte med elektrisk hjelpemotor med maksimal nominell effekt på høgst 0,25 kW som blir gradvis redusert ved aukande fart og som koplar ut ved 25 km/t eller tidlegare viss syklisten sluttar å trakke. Sykkelen kan ved motorkraft aleine nå ein maks. fart på 6 km/t.

2.Forskrift om Utladalen landskapsvernområde

Nytt tillegg, §6.2.l): Bruk av elektriske sykklar på vegen i Koldedalen.

Med elektriske sykklar forstås sykklar som er utstyrte med elektrisk hjelpemotor med maksimal nominell effekt på høgst 0,25 kW som blir gradvis redusert ved aukande fart og som koplar ut ved 25 km/t eller tidlegare viss syklisten sluttar å trakke. Sykkelen kan ved motorkraft aleine nå ein maks. fart på 6 km/t.

Direktoratet har på grunnlag av tilrådinga frå Fylkesmannen gjort slik vurdering (utdrag av brev 23.03.20):

Verneområdene forvaltet av Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre

For Jotunheimen og Utladalen viser Fylkesmannen til at nasjonalparkstyret ønsker en forskrift som gir nasjonalparkstyret fullmakt til å åpne for bruk av el-sykkel på visse strekninger, slik at lokale forhold kan hensyntas.

En forskriftsendring som foreslått av nasjonalparkstyret innebærer delegering av forskriftsmyndighet til nasjonalparkstyret ved at forvaltningsplanen gir bindende bestemmelser som etter forvaltningsloven er en forskrift. Bestemmelser i verneforskrifter som gir direkte unntak fra fastsatte forbud bør være så presise som mulig slik at det fremgår hva som er tillatt. Miljødirektoratet mener det ikke bør åpnes for regulering av bruk av el-sykkel gjennom forvaltningsplanen, men at eventuell åpning må reguleres direkte i verneforskriften. Dersom det skal åpnes for bruk av el-sykkel i verneområdene skal dette knyttes til bestemte veier, jf. oppdragsbrevet.

Fylkesmannen vurderer at det er riktig først å åpne for en prøveordning for å hente kunnskap om hvilken utvikling bruk av el-sykkel på veier i verneområdene gir, samt påvirkningen på registrert sårbart naturmangfold, andre brukere og grunneiere/rettighetshavere i områdene.

Miljødirektoratet viser til at åpning for bruk av el-sykkel på bestemte veier krever endring av verneforskriften. En eventuell ny endring i regelverket etter gjennomført prøveperiode vil kreve ny høring og forskriftsendring. Det vurderes derfor ikke som hensiktsmessig å gjennomføre forsøk på veier i verneområder der dette krever endringer i vernebestemmelsene. Det vil være vanskelig å endre regelverket tilbake til et forbud dersom det først åpnes for et unntak for bruk av el-sykkel, og vil også gi utfordringer med håndheving og informasjon om regelverket. Det er altså varige forskriftsendringer som kan høres, ikke midlertidige ordninger.

Miljødirektoratet mener at en forskriftsendring kan sendes på høring for foreslåtte strekninger; veien til Glitterheim og anleggsvei i Koldedalen.

Fylkesmannen må likevel i samråd med verneområdestyret vurdere om det er ønskelig å åpne for bruk av el-sykkel på lik linje med sykling i de foreslåtte områdene. En bestemmelse om dette i verneforskriften kan ikke regulere omfang, men kan av hensyn til verneverdiene avgrenses i tid.

Dersom det åpnes for el-sykkel på disse strekningene, bør man innføre ferdselsregistreringer slik at strekningene kan bidra med informasjon om utvikling i ferdselsmønster. Lokaltetene/strekningene kan da oppfylle en funksjon som forsøksområder når det gjelder å høste erfaringer med bruk av elsykkel og utvikling i bruken på de aktuelle vegstrekningene.

Vi ber om at Fylkesmannen raskt tar stilling til endringen for veien til Glitterheim og anleggsvei i Koldedalen som en permanent forskriftsendring, og leverer en revidert tilråding til Miljødirektoratet på denne bakgrunnen.»

Det er bedt om ei rask tilbakemelding frå nasjonalparkstyret på tidsrom for el-sykling, for ei oppdatert tilråding frå Fylkesmannen som tek opp dei tilbakemeldingane som er gitt i brevet av 23.03.20 frå Miljødirektoratet.

Vurdering

Nasjonalparkstyret foreslo i sitt innspel om el-sykkel i sak 37/2019 at det skulle vera opp til nasjonalparkstyret å kunne opne for nærare definerte strekningar, ut ifrå styret sin kunnskap om lokale forhold. Som påpeika i høyringsbrevet så meiner Miljødirektoratet at «*det ikke bør åpnes for regulering av bruk av el-sykkel gjennom forvaltningsplanen, men at eventuell åpning må reguleres direkte i verneforskriften*».

Ein må derfor ta stilling til det konkrete spørsmålet som nå er reist av direktoratet; om det bør vera eigne tidsavgrensingar på bruk av el-sykkel, eller om el-syklar kan sidestillast med vanlege tråsyklar på dei to strekningane der det nå er forslag om oppmjuking av regelverket.

Sykling og bruk av el-sykkel på Glitterheimvegen og Koldedalsvegen vil naturleg vera avgrensa til sommarsesong, etter at vegen enten har smelta fram eller er brøytta og opna for den lovlege nyttekøyringa med heimel i gjeldande forskrift og dispensasjonar. Ut over hausten er det heller ikkje noko som talar for anna avgrensing enn den som følgjer av snøfall og stengd veg når vinteren kjem. Det bør likevel presiserast at bruk av el-sykkel må vera avgrensa til

berrmarksperioden, når vegane er farbare med vanleg tråsykkel. Det bør ikkje opnast for å nytte el-sykkel eller liknande farkostar som kan gå på snø, sjølv om det skulle skje etter vegtraseen vinterstid. Dette kan opne for uønskt trafikk inn i urørte område på ei tid av året da dyre- og fuglelivet er sårbare overfor forstyrringar. Ein veit ikkje i dag kva farkostar som eventuelt kan utviklast på sikt, slik at ein bør ha ei presisering av at endringa berre omfattar farkostar som nyttast på opparbeidd veg i berrmarksperioden.

Ut frå behandlinga i nasjonalparkstyret i sak 37/19 bør det kunne vurderast el-sykkel på andre vegar innan verneområda på eit seinare tidspunkt, dersom erfaringane er gode på dei strekningane som får el-sykkeltilgang i denne runden.

Det vil uansett vera nyttig/nødvendig med skilting, som forklarar at ferdsel med el-sykkel inn i verneområda skjer på eige ansvar, og at det ikkje er lademoglegheiter i enden av vegen. Det bør kanskje utformast standard underskilt som kan gje slik informasjon på vernegrensa.

Konklusjon:

Det synest ikkje vera grunnlag for bestemte tidsavgrensingar spesielt retta mot el-syklistar på dei aktuelle strekningane, men bruken må avgrensast til berrmarkssesongen; dvs. når dei to vegstrekningane er farbare med vanleg tråsykkel.